



Surnadal kommune



Rindal kommune

Olje- og energidepartementet

Dykkar ref:

Vår ref
2009/1655-123

Saksbehandlar
Bodil Gjeldnes

Dato
06.09.2018

Merknad til NVE si innstilling - Revisjon av konsesjonsvilkår for Folla-Vindølareguleringen i Surnadal og Rindal kommunar

Vi viser til brev frå OED datert 10.07.2018 kor NVE si innstilling til nye konsesjonsvilkår for Folla-Vindølareguleringa blir sendt på ei avgrensa høyring.

Her følgjer Surnadal og Rindal kommunar sin merknad som er knytt til dei delane av innstillinga som er av størst betydning for oss (i prioritert rekkefølge). I utarbeiding av merknaden har det vore god dialog med aktuelle lokale organisasjonar og interesser, dvs. innspela kjem frå eit samla lokalsamfunn.

Innleiingsvis vil vi understreke at kommunane sitt hovedmål med revisjonsprosessen har vore å:

- Styrke laks- og sjøaurestammene i Surnavassdraget
- Bidra til at Surnavassdraget skal fortsette å gi grunnlag for bærekraftig kraftproduksjon

Krav 1. Miljøbasert vassføring oppstrøms Trollheim kraftverk som sikrar større vanndekt areal og betre laksehabitat frå Rinna og ned til kraftverket

Det er klart positivt at NVE innstiller på minstevassføring i Surna oppstrøms Trollheim kraftverk, men vi er skuffa over at den ikkje er større. Tilstrekkeleg vatn her kan forbetre store og gode gyte- og oppvekstområde for sårbare stammar av laks og sjøaure, men vil også ha stor betydning for vidare utvikling av turisme, næringsliv og friluftsliv i dalføret. NVE viser sjøl til Sintef si anbefaling (Harby m. fl. 2007 og 2013) om ei vassføring på mellom 4 og 7 m³/s for optimale forhold for ungfisk i dette elveavsnittet om sommaren. NVE si innstilling til minstevassføring i Rinna og Bulu vil, saman med tilsig frå uregulert restfelt, gi 4,6 m³/s her i lågvassperiodar om sommaren. Vi registrerer at dette er i det nedre sjiktet av denne faglege anbefalinga, og er derfor av den klare oppfatning at den burde vore større. Vi viser her til kommunane sitt krav om minstevassføring også i Folla med slipp frå Follsjo dam, som i stor grad ville ha betra dette bildet. Iflg. NVE si innstilling (s. 56) vil det kunne bli behov for slipp av vatn om Folla frå Follsjo dam i periodar kor naturleg tilsig er mindre enn minstevassføringskrava i Rinna og Bulu. I slike situasjonar vil tilstrekkeleg vatn berre være tilgjengeleg i Follsjo. Sommaren 2018 var eit eksempel på ein slik tørr periode som ifølgje meteorologisk hald vil forekomme hyppigare i framtida. I lys av også dette bør derfor eit permanent slepp av minstevassføring frå Follsjo dam innførast. Eit alternativ til slepp av minstevassføring i Folla vil være større minstevassføring i Rinna og Bulu enn det som no er NVE si innstilling.

Som eit generelt innspel her vil vi få uttrykke at vi anser det noko betenkeleg at NVE i si innstilling til nye konsesjonsvilkår ikkje opplyser kva for metode som blir nytta ved berekning av minstevassføringar.

NVE si innstilling til minstevassføring er naturleg nok delt i to, dvs. ei for sommarhalvåret og ei for vinterhalvåret. Sommarhalvåret er definert som 01.05 – 31.10 og vinterhalvåret som 01.11 – 30.04. Til dette vil kommunane bemerke at ei riktigare inndeling ville ha vore 01.06 – 30.11 som sommarhalvår og 01.12 – 31.05 som vinterhalvår. Årsaka er at det normalt, pga. snøsmelting og vårflaum, er stor nok naturleg vassføring oppstrøms Trollheim kraftverk i mai, og slik ikkje behov for minstevassføring så tidlig. Derimot kan laks være sårbar ovanfor for låg vassføring seint på hausten (november) etter gyting i dei øvre delane av vassdraget. Dette kan hindre fisk i å komme seg nedover i elva og/eller ut i fjorden for bedre vinteroverlevelse.

Vi finn det her også passande å påpeike at vår region i dag mottar vesentleg meir nedbør i form av regn enn på konsesjonstidspunktet. Dette medfører at redusert produksjon som følge av foreslåtte tiltak i nye konsesjonsvilkår truleg vil bli betydeleg mindre enn 35-36 GWh/år som NVE viser til.

Krav 2. Miljøbasert vassføring nedstrøms Trollheim kraftverk med sesongtilpasningar, og muligheter for selektiv tapping frå Follsjo mht. vanntemperatur.

Kommunane ser svært positivt på at NVE anbefalar at Statkraft påleggast å etablere eit nytt inntak høgare i Follsjo som vil bidra til meir naturleg temperatur i Surna nedstrøms utløpet av Trollheim kraftverk om sommaren. Dette vil være av stor betydning i høve til kommunane sitt hovedmål med revisjonen, og vi ber OED vidareføre anbefalinga i nye konsesjonsvilkår. Bruk av nytt inntak vil også kunne ha positiv effekt for elva om vinteren, dvs. i form av større grad av islegging. Då vil ein kunne oppnå gunstige effektar som meir naturleg klekketidspunkt for øyerogn, og redusert uttak av fisk frå predatorar som ender og oter. Kommunane vil allereie no gi uttrykk for at eit nytt inntak i Follsjo må være på plass og i drift innan fem år frå nye konsesjonsvilkår er vedtatt.

I tilknytning til dette kravet vil vi også understreke viktigheita av at det i Surna nedstrøms Trollheim kraftverk er ei vassføring på minst 20 m³/s i fiskesesongen (1. juni-31. august) for å oppretthalde tilstrekkeleg gode forhold for fiske.

Krav 3. Bestemmelsar om moderat avtrapping av vassføring for å unngå brå endringar i vasstanden.

Som NVE viser til i si innstilling er det godt dokumentert at effektkøyring av Trollheim kraftverk har negativ påverknad på økosystemet i Surna nedstraums utløpet av Trollheim kraftverk. At det blir gått bort frå dette i periodar og på vassføringar kor laksungane er mest sårbar er derfor av stor betydning for kommunane og det vi ønsker å oppnå i revisjonsprosessen. Her dreiar det seg om anadrom strekning i eit nasjonalt laksevassdrag, og ei gunstigare manøvrering vil være i tråd med forventningane til forvaltningsregime i slike. For å få eit enkelare og tydelegare manøvreringsreglement meiner vi at ordet «normalt» skal takast ut i både punkt e) og f) i NVE sitt forslag til manøvreringsreglement. Noko anna vil i for stor grad gi høve til å gå bort frå denne svært viktige restriksjonen, og gjere det vanskeleg for forvaltninga å vurdere kva som er brot på manøvreringsreglementet og ikkje.

Flytting av tidsrom for årlig teknisk revisjon av kraftstasjon fra vår til høst

Både Rindal og Surnadal kommunar støttar NVE sitt punkt d) i forslag til nytt manøvreringsreglement. Det aller viktigaste er at teknisk revisjon av kraftverket ikkje lenger skal

skje i smoltutvandringsperioden om våren. Da trengs størst mulig vassføring. Etter vårt syn bør teknisk revisjon leggest til hausten.

NVE Standardvilkår

Avslutningsvis vil vi påpeike at det vil være vesentleg at alle NVE sine standardvilkår blir innført i samband med vilkårsrevisjonen, i tråd med NVE sitt forslag som no ligg føre. Dette vil først og framst forenkle saksbehandlinga innafor sentrale felt som tilsyn, naturforvaltning mm.

Med helsing

Lilly Gunn Nyheim
Ordførar i Surnadal

Ola Heggem
Ordførar i Rindal

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Klima- og miljødepartementet
Miljødirektoratet
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
NVE
Norske lakseelver
LVK